

VARHAUGBUEN

KORTREIST «SKØYTEGLEDE»
SIDE 8

SKITREKK PÅ SKRETING
SIDE 27

VINTER PÅ GRØDEN
SIDE 32 - 33



FOTOKLUBBEN SIDE 18 - 19



VIRUSTÅKA KAN TRUGA FORHANDLINGSRETEN

Det nye året har starta slik det meste av fjoråret var. Dermed sit me framleis stand by på kvar vår tuve. Enkelte har det heilt greitt. Andre lengtar desperat etter normale tider med mellom anna alle dei fysiske møteplassane i det store, vesle landbruks-nettverket.

Nyleg skulle to tradisjonelle høgdepunkt, Varhaug-møtet og Sørlandssamlinga, vore gjennomført. I staden for fullstappa idrettshallar og hotellmøterom med tunge diskusjonar og lett passiar i kaffipausane, er det dei nettbaserte reserveløysinga som driv organisasjonslivet, fagmøta og dei landbrukspolitiske debattane vidare.

Reserveløysinga fungerer på eitt vis. Sjølv om me ser skjeggstubbar, uroleg frisyre og kjøkkenbenk-bakgrunn på skjermen, gjer Teams eller Skype det mogleg å logga seg på eit fagmøte. Også styremøte eller årsmøte i landbruksorganisasjonane lar seg på haltande vis gjennomføre med reserveløysinga.

Nå byrjar det å bli nok, men det går med eit naudskrik nokre månadar til. Kva me mister undervegs, er det berre den koronafrie framtida som kan seia noko om. Det me veit er at også bønder er sosiale vesen. Me er vanedyr. Bak datamaskinen i skinnstolen etter stelletid er det lett å dovna av og bli passiv. Mangelen på dei fysiske sosiale møtepunktane gjer noko med oss alle.

Det vil gå fleire år før me får greie på om koronapandemien har gjort skade på dagens landbruksmodell. Nokre vil kanskje hevda at me nå dreg det for langt. Men om faglaga kjem svekka ut av viruståka, kan me på lengre sikt i verste fall risikera at framtidas ramevilkår bli fastsett utan Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag til stades rundt forhandlingsbordet.

Mindre liv i organisasjonane lokalt kan føra til mindre kraft i dei komande bataljane mellom jordbruket og makta sentralt. Kall det gjerne svartmaling, men om så skulle skje, kan Hovudavtalen for jordbruket frå 1950 bli vraka fram i tid. Avtalen inneber at jordbruket sine faglag saman med staten kvart år skal forhandla fram ein næringsavtale gjennom jordbruksforhandlingar. Stor oppslutnad om faglaga har gitt bøndene tyngde i forhandlingane. Avtalen er unik i global samanheng. Korleis det norske landbruket hadde sett ut i dag utan meir enn 70 år med jordbruksforhandlingar, veit ingen. Det me veit er at jordbruket har hatt ei hand på rattet med moglegheit til å påverka eigne ramevilkår og framtid saman med styresmaktene.

Mykje står på spel. Å reetablere møteaktivitet og engasjementet etter at viruset er knekt, handlar om samling og samhandling. Inntekt, ramevilkår og framtid. I tillegg er fysisk samhandling helsefremjande. Det er som i fjøset. Me treng å vera i lag med flokken vår.

Det er berre å kryssa fingrane og vona at det ikkje er så lenge før me kan møta opp i staden for å logga inn.

GOD HELG, OLD SPICE!

Viruset har gjort at eg har gått tom for aftershave. Eller skjeggjavatten, som mannfolka tilhøyrande generasjonen før meg sa. Faren min var blant dei mange som sverja til den legendariske Old Spice. Eit ikonisk merke som dukka opp i sjølve USA midt på 1930-talet.

Du som er godt vaksen hugsar sikkert dei kvite flaskene med seglskutelogo. Old Spice var sterke saker med høg alkoholprosent og langt frå noko pyser skvetta i fjeset etter ein omgang med barbermaskinen eller -høvelen. Eg meiner å hugsa at når far kom inn i stova etter kveldsstellet på badet, lukta han så kvast av Old Spice at det grønne bladverket på mor sine potteplanter krølla seg.

Av ein eller annan merkeleg grunn vart Old Spice ein gong på 1980-talet knytt til alt som var teit, ut og herry. Eg er ikkje kjent for å vera særleg i opposisjon til gjeldande skikk og bruk, og slutta meg halvhjarta til anti Old Spice-hylekoret og fann eit anna merke. Lageret av nett dette merket, har eg fylt på når eg har vore ute på reise. Taxfree-handel, med andre ord.

Nå har den ekstremt plagsame koronaen med tilhøyrande reiserestriksjonar blokkert for denne type handel. Likevel kan ukrutet ha ført noko positivt med seg. Ungane mine, som er vaksne og vel så det, har greidd å overtyda meg om at nett-handel er vegen å gå medan eg ikkje kan gå vegen om taxfree.

Så nå har eg kjøpt Old Spice for første gong på over tretti år. Avstandsreglar og redusert tal på sosiale relasjonar fører til at det berre er Hustru og potteplantene våre som får nyta odøren. Enkelte er sikkert glade for det.

Sjur



ME SKULLE VORE PÅ KANARIØYENE NÅ

Det er vel fleire gubbar (og kvinner) som saknar varm sand mellom tærne og eit helsebad i Atlanterhavet. Me må vel leva med draumen nokre månadar til:

Attmed ei palme på kvit balkong,
har gubben trekt ut or sin vinterkokong.
Skyfri himmel, sola på veg,
i dag skal ho verme ein gubbe som meg.

Frukost og kaffi på nemnde balkong,
berre akkompagnert av fuglane sin song.
Det er mest som han kjenner seg meir religiøs,
med tanke på ei veke utan arbeid og fjøs.

Brunsvidde fjell, kaktus og palmer,
seljarar vinkar med ivrige armar.
Pause frå isjias og verkande ledd,
stillongs, støvlar, sokkar og pledd.

Blant engelskmenn, danskar, svenskar og finner,
gubben ligg og kjenner på sola som skinner.
Han tenker på gårsdagens ferske oliven,
som smakte så godt til den spanske vinen.

Under ei palme på Islas Canarias,
med linn bris frå Costa Africas.
I lag med solbrune mannfolk og kvinner,
han kjenner kulda frå nord sleppe tak og forsvinner.

På stranda med ei bok på utstrakt arm,
i nærleiken av sjøen om han vert for varm.
Med eit sukk legg han seg på rygg på Atlanterens
seng, og tenkjer at nå har han alt det han treng.

Sjur



I mai er det 5 år sidan Olav Madland, saman med to andre starta Stasjoen Pub i gamle banken på Varhaug. Seinare trekte dei to andre seg ut, og Olav har nå drive puben aleine i 2 år.

Det har vore gilde og gode år å driva pub på Varhaug, seier Olav, men i dag er eg glad for at puben ikkje er levebrødet mitt. I denne korona tida har omsetninga gått ned med 40% av det normale. Men me kan vera glade som bur i Norge nå under koronaen, for det har vore gode støtteordningar å få.

Til dagleg arbeidar Olav med design og reklame i Reklamehuset i Egersund, der han har vore dei siste 10 år. «Så då vert puben både hobby og ekstra-arbeid? », spør eg. Eg tek smilet frå Olav som eit JA til dette. Ein del av reklamen innomhus har han laga til sjølv, mellom anna skilleveggen mellom båsane, med ølkruset som viser høgda over havet.

Då eg var innom puben for ein drøs, heldt Olav akkurat på å henga opp supporterflaget, det skulle vera fotballkamp. Og det kjem alltid godt med folk når Liverpool, Leeds og Man U. skal spela, og i kveld var det Liverpool.

Tidlegare år har Puben og arrangert konsertar, både inn og ute. Vil her nemna gatefesten med danske

Ole Gas, som syng Kim Larsen songar, og den var veldig populær.

Juletider har og Frelsesarmeen vore har med både julekrybbe og song og musikk. Det har og vore eit populært innslag, men koronaen har sett ein stoppar for det og.

Puben har og faste «Kviss» kveldar, og dei er alltid populære. Olav seier han håper på å kunne laga fleire «Husar du» kveldar, for det var noko som mange sette pris på. Dette hadde eg aldri høyrte om, så eg sa Olav måtte senda melding til meg neste gong det vart ein slik kveld, for dette var kvelden for dei vel vaksne.

Det er viktig å få med seg at puben er for alle, både unge og vaksne. Folk flest tenker nok berre på ymse drikk i glas, når ein nemner pub, men på puben på Varhaug får ein og ein kaffikopp om det er ynskjeleg. Olav seier han ser fram til at koronaen skal forsvinna, slik at folk igjen kan dansa og klemma kvarandre på Stasjoen.

Eg takker for drøset, og ynskjer Olav lukke til med fotballkampen.

Liv

PS. Reknar med at han var i ekstra godlag etter kampen som Liverpool vann.



Parkering i Eikevegen og inngang i Pilevegen.

Opningstider:

Måndag 08.30-15.00

Tysdag 08.30-15.00

Onsdag 08.30-18.00

Torsdag 08.30-18.00

Fredag 08.30-14.00

Foto: Karete Fosse

NY SKULE OG NYTT BIBLIOTEK

Sjølvs om elevane er tilbake på skulen, er ikkje alt klart til bruk. Biblioteket er opna for publikum, men alt av hyller og stoler mm var ikkje på plass då eg var innom. Men du og du, for eit flott bibliotek me har fått. Dette må vera gildt for dei tilsette, og ikkje minst for ungane med alle dei koselege leseplasane. Eg har fått nokre bilete, og meir vil det koma til neste blad.

Eg hadde ein rundtur med rektor både i 1. og 2. etasje. Me gjekk ganske fort, for han skulle i eit møte, men det eg fekk sjå var i alle fall imponer-

ande. Her må det vera både gildt og godt å vera elev. Må nok koma innom når alt er ferdig og ta ein drøs med ein lærar eller to. Rektor sa at det var godt å vera «heime» igjen etter 18 månader med undervisning i brakker og idrettshall. Men han sa at i grunnen hadde det gått bra med både lærarar og elevar med slik undervisning. Alle viste dei at dette var ein overgang, og ikkje var noko som skulle vara evig.

Meir kjem i neste nummer med både tekst og bilete.

Liv

SpareBank
SR-BANK **1**
Sammen får vi ting til å skje.



FØR I TIDA, DÅ VAR DET VINTRAR DÅ ...

Bilete er tatt på Grødalandsstemmen, og året må vera 1966. Legg merke til at det ikkje var eit einaste tre den gongen.



Av Arne Hope

Dette er ein redigert og utvida versjon av eit innlegg som vart posta på Facebooksida «Du vett du var tenåring på Varhaug når.» 4. februar 2021.

Det har vore ein fantastisk fin og kald vinter på Varhaug. Ikkje ofte ein opplever slikt nå for tida. Vintrane nå går helst i regn og blåst. Tidlegare var det annleis. Me hadde mykje oftare kalde og snørike vintrar. Sjølvsaft regna det om vintrane den gongen og, men slike ting gløymer ein. Eg budde på Varhaug i siste halvdel av 60-talet, og hugsar dei mange kuldeperiodane og uversperiodane.

Vintrane begynte ofte med ein periode med frost i slutten av november og i vekene før jul. Når det var bart, så hadde ikkje gradestokken bikka under null i mange timane før rykta gjekk om skeiseis på Karlsfloen, i utmarka til Karsten Aanestad på Kydland. Den fraus først, deretter kom Odlandsfloen. Etter kvart vart det og trygt på Grødalandsstemmen, eller Grøden som me kalle han. Det vatnet var størst, og her kunne ein måla opp ein liten bane og arrangera lokale skeiseløp. For skeiser var stort på den tida. NM, EM og VM kom som perler på ei snor i januar og februar. Skeiseløp på radio, eller fjernsyn for dei

som hadde, trumfa alt anna. Me drømte om å verta ein Maier eller Verkerk. Men mødrene var helst livredde då me tok av gårde på sykkel med skeisene knytte over halsen. Eg beroliga mi med at me heilt sikkert sto botn om me skulle vera så uheldige å plumpa gjennom isen.

Me fann fram det me hadde; skruskeiser, limaskeiser, lengdeløpskeiser med og uten sko. Sjølv hadde eg sistnemnde. Mest lekte me «skobba kydne», det va ein god måte å læra seg på. Åge Bratland var den aller beste av oss. Han var yngst av ein stor søskenflokk der fleire var gode skeiseløparar.

Men det var ikkje bare isen så fraus. Sjølv om me hadde heimaspøta lue, vottar og sokkar, så vart naglabeden aldeles fæl etter kvart. Eg har hatt ein del grusomme sykkelturar frå Grøden heim til Prestakrysset utan føling i korkje fingrar eller tær.

Mitt første møte med storm og rennedrev, var nyttårshelga 1965/66. Det tok til å blåsa og snø seint på kvelden og utover natta. Feststemte folk fekk

seg ei overrasking på vegen heim frå bryllup eller nyttårsfeiring. Fleire kjørte seg fast i snøfennene og måtte banka på dørene i nærmaste hus.

Uveret haldt fram neste dag. Vi heldt oss innandørs, og då må det ha vore ille. På nyheitene i radioen sa dei at eit lokaltog hadde spora av sør for Varhaug i Rogaland. Me kikka ut vinduet og såg lysa frå toget ved Gråsteinen, nord for Odland. Enorm stas at Varhaug vart nemnd på riksdekkande radio! Det viste seg seinare at toget ikkje akkurat hadde spora av, men det hadde kjørt seg fast i den hardpakka snøen. Den fremste vogna var løfta opp og sto oppå snøfonna. Etter nokre timar hadde mannskap frå NSB fått grave toget laus, og trafikken kunne gå som normalt.

Eit kjent syn i vinterhalvåret for oss som budde i Prestakrysset, var lastebilen til Einar i Hållå. Den hadde fått snøplog på seg, og heldt Buevegen og vegane på Elgane opne. Sjølv om det var bare sludd i lufta nede på Varhaug, var det ofte ei heilt anna verd når ein kom opp forbi Skretting og Skrettingland.

Dei gongane det var rennedrev, kom snøen fykande over markene på nedre Tjemsland og det samla seg i ei fonn i Buevegen attmed dei husa som ligg like ved skulen. Dei som budde der måtte måka seg ut kvar gong. Og når dei var ferdige... -så kom brøytebilen. Dermed var dei like langt.

Det verste rennedrevet kom vinteren 1970. Då sto toga på Jærbanen i tre dagar. Mange fekk uhorvelege snøfenner i hagen. Hos Karl Skrettingland på Odland koste heile ungeflokken deira seg, i tillegg til mange andre, i eit berg av snø. Det vart målt til 7 meter på det høgaste. Det vart grave holer og laga akebakkar i snøfennene. Men etter kvart kom tiveret og gjorde dei stadig mindre.

Då var ikkje brøytebilen tilstrekkeleg til å få vekk snøen. Vegvesenet brukte shovel og arbeidde i fleire dagar for å opna vegane i bygda.

Noko av det sprøaste me fant på den vinteren, i alle fall sett i ettertid, var då med gjekk på ski frå Varhaug til Undheim for å delta i Undheim IL sitt årlege skirenn. 6-7 stykk -eg hugsar ikkje namna på alle- samlast i Prestakrysset om morgonen, og gjekk på rekke og rad oppover Buevegen. På høgde med Sauatjødnå fann me ut at det var best å dreia til venstre, det ville vera ein snarveg i forhold til å ta den lange turen om Kartavoll. Me var litt i tvil om kursen. Så sa ein av oss at «Me tæge dæ på gefylen». Det tykte alle var ein god ide. Så la me i vei over torvmyrene og byttest om å gå framme og laga spor. Etter ei god stund såg me husa på Undheim. Det var verken skog eller vindmøller den gongen, og me

meinte sjølv at dette gjekk ganske så rakleg.

I langrenn hadde me store ambisjonar. Men det vart ingen topplasseringar på oss. I ettertid har eg innsett at oppvarminga kanskje hadde kravd litt meir enn kva ein trudde. Og det var jo heilt utenkeleg å be nokon av foreldra om å køyra oss til Undheim, bare fordi me ville vera med på eit skirenn!

Hopprennet vart heller ingen suksess. Bakken på Undheim var nokre nummer større enn dei skrå kjelvene me hadde på Tjemsland. Der hadde me rett nok eit skikkeleg spretthopp som i teorien gjorde det mogeleg med baklengs salto før me ende på det flate, harde underlaget av snø, is og gras. Men på Undheim var både ovarenn og unnarenn lengre og brattare enn det me nokon gong hadde opplevd. Så for fleire av oss svikta motet på toppen.

Aksel Skretting berga likevel dagen for Varhaugbuane ved å vera klart best på lengdene, og han avslutta dessutan med elegante telemarkneds slag. Han hadde trent i bakkane opp mot Refsland og hadde full kontroll.

Det må nemnast at me sjølvsagt brukte same skia både til langrenn og hopp. Solide treski kjøpt i butikken til Arne Skretting ved jernbanebrua.

Etter skirennnet gjekk me heim til Varhaug. Nå hadde me spor å gå etter, så det var grei skuring. Og då me kom til Ueland, så gjekk det plystrande det siste stykket nedover Buevegen.

Det aller, aller verste uveret eg har opplevd nokon gong, var natta til 22. september 1969. Det er skrive mykje om denne orkanen i andre samanhengar, men eg opplevde det slik: Eg skulle som vanleg ta toget til Bryne for å gå på skulen. For første gong opplevde me at toget ikkje kom. Men etter ein times tid dukka det opp ein NSB-buss som køyrde oss til Bryne. Over alt såg me nedblåste tre og minkbur som var smadra. Takstein fauk over alt. Men det løya heldigvis utover formiddagen.

Far arbeidde på landbrukskontoret. Ved middagsbordet same dag fortalte han: Han hadde vore på besøk på ein gard på høg-Jæren. Bonden hadde vakna tidleg på morgonen av eit forferdeleg brak. Over han var open himmel, og regnet piska ned i senga. Hustaket var altså borte. Det same var kona hans. Dette var altså relativt dramatisk. Kona kom etter kvart til rette. Ho hadde gått i fjøset for å stella. Taket var det verre med. Det var tatt langt av garde. I dag ville dette vorte eit stort oppslag i media. Men eg har aldri høyrte andre har snakka om denne hendinga, og eg veit heller ikkje sikkert kva gard det var.



Slektstreff på isen. Frå venstre: Torjus Bruntveit, Siri Bruntveit, Anna Bruntveit Madland, Erle Bruntveit Austli, Marius Bruntveit og Henrik Bruntveit Madland.

KORTREIST «SKØYTE-GLEDE»

«På Varhaug er me ikkje størbidde», fann ein bebuar i området til Lennsmannsgarden Vel, ut. Han hadde nyleg sett langtidsvarselet, og tenkte at denne oppmodinga om lokal skøytebane han fekk av kona, var på tide å gjera noko med.

Det gjekk ikkje mange minutta frå idéen vart lufta på vellagets Facebook-gruppe, til fleire naboar stod med kvar sin hageslange i handa.

Nokre dagar seinare kryr det av ungar og vaksne på spel blank is. Det er ikkje vanskeleg å sjå at fleire har vore på «Grøden» i år, og trena ferdigheitene på meiane der dei fyk over isen i kulda.

- Eg kan gå på skøyter! Alma Eckhoff Undheim fyller 5 år dagen Varhaugbuens utsendte er i den ombygde fotballbingen på Lennsmannsgarden. Det konstaterer «journalisten» at ho til dei grader kan.

Naboane som gjekk i lag og fekk lagt isen, er svært glade for å sjå at isen vert nytta så mykje, når dei fysst har lagt ned litt arbeid i det. Det er liv kvar kveld under flaumlyset. Òg, dei må innrømme at dei har lært noko om islegging. Neste år. Neste år vert det perfekte forhold! *Tekst/bilde: Dag Madland*



-Det er jo ein fotballbinge! Noah Midttun (t.v.) og Henrik Bruntveit Madland i kamp om ballen på det glatte underlaget.



Nabo Alma Eckhoff Undheim koser seg når idrettskulen har teke turen til Lennsmannsgarden



Foto: Einar Mattingsdal

Her har Anna saman med bestefaren laga ein fin snømann i Tjemslandshagen. Einar sa ho var skeptisk til nase og munn, men at du godtok det de ho såg det ferdige resultatet. Liv.



HÅ HAGELAG

Annerledesåret er over, 2021 skulle komme med håp og nytt pågangsmot.

For oss har mye planlagt innsats blitt skrinlagt men forhåpentlig kan noe realiseres i år.

Følg oss på facebook:-)



Det gjorde godt å koma i gang med bladet igjen. Det er jo ikkje så mykje som skjer rundt elles. Var så optimistiske sist veke, då me fekk starta trimmen på Iden igjen, i god smitteavstand med skillevegg i hallen. Men kor lenge var vel Adam i paradiset? Gleda med trimmen vara ikkje lenge, nå er det slutt igjen. Det er nok ikkje berre meg som er temmeleg lei denne koronaen nå. Men me må berre lya myndigheita, halda avstand ei stund til og vaska hendene, nett slik me har gjort det siste året.

Me får heller gleda oss over den flotte vinteren me har hatt. Her har ungar og vaksne kunne kosa seg med ski og skøyter i nærmiljøet i lang tid, og kva tid var vel det mogeleg her på Jæren? Og denne vinteren har og fått fram kreativiteten igjen hos mange, med lokale skitrekk, isbane og store snømenn. Men det er nå ganske farleg for oss vel vaksne, med all «glattå». Eg var rask til å finna fram broddane, då ei frå trimmen var uheldig og hamna på sjukehus med brot. Nå står dei klar i gangen, og eg brukar dei nå kvar dag til og frå postkassa, og dei verste dagane og til/frå stasjonen. Og i gangen skal dei stå til vårsola blenkjer i bakkane.

Ynskjer alle ein fin vår, med mindre smitte slik at me igjen kan koma saman på vanleg måte, både privat og på arrangement. Liv



Tekst/foto: Odd Einarvoll

VENNELAGET FOR LENSMANNSGARDEN

HJERTESTARTAR TIL LØÅ

Utfordring

P.g.a. ei hending utpå haustparten vart Vennelaget utfordra til å skaffa hjertestartar til Lensmannsløå. Dette vart gjort ved at andre lag og organisasjonar i bygdå vart med og spleisa på innkjøp av ein hjertestartar. Me trong i overkant av kr 20.000 fordi me ville ha ein god hjertestartar, og me ville gjerne ha den på utsida slik at den kunne vera lett tilgjengeleg heile året for alle som måtte ha bruk for den.

Innkjøp og montering

Etter ein runde der me sjekka ulike produkt og leverandørar enda me opp med å kjøpa hjertestartar frå RescuePal AS, Nærbø. Her hadde me kontakt med Børge Hognestad og Christian Christensen. Desse erfarne og lokale folka gav ekstra tryggleik i prosessen, og dei kan óg vera til hjelp i ettertid. Me fekk dessutan monteringa utført utan pristillegg.

Hjertestartaren er nå godt synleg mot vest, under eit lite utbygg ved inngangsdøra til heisen. Den er av type Philips/Lærdal Heartstart. Dette er same type hjertestartar som står i rådhuset, og identisk med den som Børge har plassert utafor huset sitt i nærleiken av Ungdomsskulen. Denne er óg tilgjengeleg for alle.

Sponsorar

Takk til følgjande lag/organisasjonar som var med og spleisa på hjertestartaren:

- Seniordansen
- Hå Hagelag
- Varhaug Bygdekvinnelag
- Vennelaget for Lensmannsgarden
- Vellaget for Lensmannsgarden

Takk også til Hå kommune for veldig positiv holdning til dette. Me snakka med både Servicetorget, Brannsjefen og Vaktmeister for å sikra at dette vart rett, og for å få til eit samarbeid framover sidan hjertestartaren står på eit kommunalt bygg.

Opplæring/kontaktperson

Lag/organisasjonar vil få tilbod om opplæring når koronasituasjonen er meir avklara.

Vennelaget har óg laga «ein introduksjonsplakat» som dei som vil kan få kopi av, elektronisk eller på papir, ved å kontakta Odd Einarvoll på 911 62 407.

Dersom du kjenner nokon som kan ha interesse for og gjerne relevant erfaring med bruk av hjertestartarar og hjerte/lungeredning tek Odd gjerne mot informasjon om dette. Kanskje me kan ha to eller tre

superbrukarar som kan vera ein ekstra ressurs i samband med opplæring og oppfølging av hjertestartaren. Vennelaget v/Odd tek gjerne mot spørsmål/tips om dette eller andre forhold rundt hjertestartaren.

113-appen

Norge har eit nasjonalt hjertestarterregister som er knytt opp mot Hjelp 113-appen til Norsk Luftambulanse. Du finn alle hjertestartarar i nærleiken av der du er ved å bruke denne appen. Dette er óg informasjon som 113-sentralene har når du evt. ringer og treng hjelp til å finna næraste hjertestarter. Har du Posisjon aktiv på mobilen din vil 113 straks vita kor du er.

Vennelaget vil óg oppmoda alle som har hjertestartar om å registrera den i dette registeret. Er du i tvil om den er registrert er det berre å sjekka ved å gå inn på 113-appen.

KORT INTRODUKSJON TIL BRUK HJERTESTARTAR

- Ring 113-sentralen for å få kode til skapet og rettleiing undervegs. Bruk høgtalaren på mobilen når du arbeider med pasienten.
- Om du ikkje er ved løyå, ring då fortsatt 113. Dei har oversikt over alle registrerte hjertestartarar der du måtte vera.
- Ta tak i «håndtaka» på kvar side av skapet og trekk ut med eit lite rykk. Ta ut hjertestartaren.
- Eventuelle andre personer tek seg av og klargjer pasienten, det må vera bar hud til elektrodane som skal plasserast på brystet. Om naudsynt, riv/klipp opp tøyet.
- Når handtaket på sjølve hjertestartaren er trekt ut vil den automatisk slås på, og du vil få rettleiing i bruk av startaren, i tillegg til støtte av 113-sentralen.
- Ingen må vera i fysisk kontakt med pasienten når det vert trykka på den oransje sjokk-knappen.
- Hjertestartaren vil kontinuerleg analysere situasjonen. Den kan difor óg gje beskjed om å setja igang hjerte/lungeredning og gje vegleiing mens ein held på (30 kompresjoner og 2 innblåsingar).

Pensjonistar gav hjertestartarar



Ole Mellénstrand (l.v.) og Olav Einervoll (h.) overleverer hjertestartarane til kommunelege 2 Inger Skretting. Opstad og kommunelege 1 Olav K. Haraldseide.

STEINAR SANDVIK

Dei store tettstaden i Hå har no fått kvar sin hjertestartar. Nærbø har hatt ei stund. No har og Varhaug og Vigrestad fått kvar sin hjertestartar. Pensjonistane har stått føre innsamlinga av midlar. — Det var enkelt

å skaffe pengar til slikt utstyr, fortel dei.

Ole Mellénstrand hadde ansvaret for innsamlinga på Vigrestad. 62 100 kroner klarte han og trimmegjengen å samle inn. På Varhaug klarte pensjonistlaget med Olav Einervoll i spissen å samle inn 52 500 kroner. — Eg drakk kaffe

på tre plasser så var pengane ordna, seier han.

Noko måtte gjerast når ikkje kommunen ville kjøpe inn hjertestartarar til Varhaug og Vigrestad, seier dei to spreke pensjonistane. — Og folk var ikkje seime om å yte sitt til utstyret.

På Vigrestad kom hundrelappane på bordet i ei viss fart. Etter ei lita samling låg det 56 hundrelappar på bordet.

Men det er ikkje sant at Hå kommune sa nei til å betale i hjertestartarane. Dei folkevalde bad om initiativ frå private, og det

fekk dei. Ein hjertestartar kostar i dag 75 000 kroner. Når opplæringskurset er rekna med, har Hå kommune løyvt om lag denne summen.

Då hjertestartarane vart overleverte til legekontora på Varhaug og Vigrestad, sa ordførar Kjell Lund at det ikkje stod på vilje i kommunen. Han var svært glad for det lokale initiativet. — Eg er takksam for innsatsen, og det gjeld ikkje berre kronene, men like mykje for haldninga som er vist til denne saka. Skal vi oppnå noko, må vi arbeide saman.

Både på Vigrestad og på Varhaug skal hjertestartaren plasserast på legekantoret og disponerast av vakthavande lege. Ambulansepersonellet i kommunen har fått opplæring til å bruke hjertestartaren. På Nærbø er utstyret tilknytt ambulansen og Røde Kors, men kan brukast av legane.

DEN FØRSTE HJERTESTARTAREN PÅ VARHAUG - EIT TILBAKEBLIKK

Varhaug fekk sin første hjertestartar i 1989. Også den gongen var kommunen positiv, men oppfordra til privat initiativ. Skal vi oppnå noko må vi arbeide saman, sa ordførar Kjell Lund. Og slik vart det då Varhaug Pensjonistlag med Olav Einervoll i spissen samla inn eit beløp på kr 52.500. Ein hjertestartar kosta då kr 75.000 og Hå kommune løyvde differansen. Hjertestartaren vart plassert på legekantoret og vart disponert av vakthavande lege. Det vart innslag i både Stavanger Aftenblad og Jærbladet om dette.

Dette betyr at ein hjertestartar kosta ca. kr 150.000 for 32 år sidan når ein reknar det om til dagens kroneverdi. Det var ca 10 gonger meir enn i dag om ein kun reknar med hjertestartaren (og ikkje oppvarma uteskap). I tillegg var tilgangen begrensa til legekantoret. I dag er det tilgang heile døgnet fleire stader på Varhaug. Det er også litt greitt å sjå at kommunen óg for 32 år sidan «løfta i lag» med innbyggjarane. Slagordet er kanskje av nyare dato, men realiteten er fortsatt den same.



GENERAL FORSAMLING = BØRRE BRATLAND

Børre er 45 år, gift med Beate, dei har 4 gutar i alder 8-23 og til og med eit barnebarn. Dei bur i Tjemslandshagen, og Børre arbeider som tekniker hos Tine - (gardstanktekniker).

Som skuleelev på Varhaug, spela han tromme i korpsset saman med ungane mine, men det vart aldri så mykje meir, seier Børre, for han kunne ikkje gå i takt. Seinare vart det gitar og mandolin som var instrumenta som fengde.


Ferdig med ungdomsskulen, reiste han til USA, nærare bestemt til Texas, - saman med 2 andre gutar frå Varhaug - som utvekslingselev eit år. Eg lurde på om han då hadde vore oppteken av musikk, men han svara at det vart berre litt klimpring på gitaren.

Vel heime igjen, vart han saman med ein gjeng som dreiv litt med musikk. I 20 års alderen oppdaga han at det gjekk an å synga på norsk - eller dialekt, og då begynte han og å skriva viser. Så har det berre badla på seg etter kvart. Eg lurde veldig på koss han hadde funne på dette rare namnet, og Børre fortel at det var frå ein teiknefilm han ein gong såg saman med ungane. General Forsamling, det høyrdes gildt ut, og slik vart det.

Opp gjennom åra har og Børre - eller rettare G F - hatt fleire konsertar rundt forbi, og til og med i Oslo. Grunna koronaen vart to konsertar avlyste i haust, og ein i april, alle tre i Oslo.

Børre har 2 album og ei rekke singlar og EP'er bak seg. 12. mars kjem minialbumet Steidn, som er ei jærsk tolking av Påskemysteriet og «Dæ mertjela så sjidde denne dajin». Første smakebit er «Jerusalem i mårå» som kom 5. februar. Børre seier at Kjetil Skrettingland skal ha stor ære for at dei har laga eit jærsk påskealbum. Han har skrive alle dei originale tekstane om til jærsk, og hatt kontakten med etterkomarane til Olney for å få godkjenning til å gje ut dette. Kjetil Skrettingland seier at det har vore gildt å samarbeida med Børre om dette albumet.





I albumet finn du desse songane:

Jerusalem i mårå.
Eselvrinsk. Forhøyr.
Kjød å blo.
Barrabas.
Enn soldat sin rapport.

Desse er med i albumet:

General Forsamling: vokal, gitar, mandolin,
munnspele & orgel.
Richard Davidson: gitar, bass, orgel, piano & kor.
Sven kulepenn: trommer & perkusjon.
Ole Ellingsen: trompet.
Frank Johnsen: kor
Tekst og melodi av David Olney, opprinneleg utgitt
på «The Stone» 2012.
Oversett til jærsk av Kjetil Skrettingland.
Spelt inn, miksa & mastra av Richard Madland i Bad-
land Studio.
Foto: Kjetil Skrettingland.
Grafisk design: Ingrid Kallevik.

Dette har Tønnes skrivt om albumet:

«Her e 6 sanga så høyrer ut så de e lagd av Gener-
al Forsamling, men det stemmer ikkje. David Olney
(kvil i fred) sitt påskealbum «The Stone» e øvesett te
jærsk og framføres i sin heilhed.

Utgangspunktet e de gamle fortellingane frå skrifta
om det så skjidde ein påske for lenge si. Men detta
e ikkje Ten Sing eller ein ivrige predikant med kass-
egitar, detta e Generalen. Stemmen e liga grove
så før, men synge nå om ein så «snakka te folk om
kjærlighed».

Rolig og monotont males tekstane fram, rørane og
ekte.

Mandolin og perkusjon hjelpe te og någen blåse i
ein trompet her og der.

Men det er gitaren og den mørke stemmen te Gen-
eralen så drege deg inn. Ingen unødvendige triks,
det trengs ikkje hellar.

Sama kæ så tynnje.

Me vett jo dæ:

Me treng'kje frykta.

Me allr'åleina æ.

Tekstane te Olney ser historien frå uvanlige vinkla,
her synge eselet så bar mestaren, Barrabas så stjal
og drepte, soldaten synge au, han så sko passa garvo
då alt va øve. Heller ikkje denna gånge får me veda
med sikkerhed kem så fjerna steinen, Heldigvis.

Det vert «releasekonsert» i Lensmannsløå for
påskealbumet til General Forsamling torsdag
18. mars, men også i Bryne kyrkje fredag 19. og
laurdag 20. mars. John Gravdal vil varma opp med
eit sett av norske sangar på alle konsertane.

Liv



HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845. Spelekveldane vart forsøkt starta i januar, men så vart det Coronapause til over vinterferien, til 11. mars. Da prøver me å starta opp att, me fortsett med spriting av hender og vasking av bord og stolar etter bruk.

Hå meisterskap var planlagt til 13. mars, men me utsett den til 20. mars.

Det har vore stille med sjakkspeling, - og dei opne NM-ane i hurtigsjakk og lynsjakk vart avlyst. I staden vart det sett opp prøve-NM i lyn- og hurtigsjakk på internett med god deltaking. Det vart spela på Lichess, og ein av deltakarane i lynsjakken var frå Jæren sjakkklubb, Daniel Sinnes. Og ein annan har vore med i Hå skulesjakk og er no på NTNU sitt sjakklag, Magne Stangeland Haarr.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Med smittevernplan mot Corona.

Etter innskjerping av smittevernreglane fann me at me måtta halda opp med speling dei siste tre onsdagane i november og også i januar og februar vart det sjakkpause..

Jæren sjakkklubb skulle vere vertskap for Vestlandsserien i sjakk første helga i februar. Men sjakkforbundet avlyste seriesjakken i 2021 ut frå Coronahensyn.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltegub. Grovting og drenering. Senking av kjeller. Utveiding av fjes.
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com





NYTT FRÅ MISJONSHUSET

ALL AKTIVITET STOPPA

Når dette vert skrive så har mest all aktivitet på misjonshuset stoppa. Nokre møte og møteveker har blitt gjennomførde som digitale arrangement. Men alle årsmøte til dei ulike organisasjonane er utsette. Fleire avtalar om utleige til festar og ulike arrangement er kansellerte. Open barnehage er i gang att i matsalen. Men elles står det stilt.

Årsmøtet for misjonshuset er utsett til 6. mai. Noko av årsaken er at styret for misjonshuset ser på noko ombygging av lokala utafor møtesalen. Ein ynskjer få til eit «mingleområde» og då må ein og sjå på løysing for ny lagerplass. Eit forslag frå Bettikon ynskjer styret skal drøftast på organisasjonane sine årsmøte før 6. mai. Då kan styret på årsmøtet til misjonshuset legge fram forslag til igangsetting av slikt arbeid. Teikningane er lagt ut på misjonshuset si heimeside. Det inneheld meir enn «mingleområdet», men i første omgang er det 1. etasje og påbygg for betre lager som skal handsamast.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51 43 08 08. (Telefonnummeret vert kopla til ny mobiltelefon sidan Telenor kutter ut bruk av kobberledning for telefoni.) Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett:

http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



NY SOFA! Takk til Gjensidige, og til Bohus som var ekstra gilde :)

LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB

OPNA EIN EKSTRA DAG

Ungdomsklubben har no endeleg fått opna ein ekstra dag. Måndagar frå kl.18.00 - 21.30 kan ungdom frå 10.trinn og opp til 25 år koma innom å kjøpa seg mat til studentprisar, sitja å drøsa litt eller få med seg maten heim.

Me lagar alltid litt mat sjølv, men er i tillegg så heldige at me får varer frå Goman som me kan selja for studentpris. Då er det ofte napoleonskake, skulebol-lar, wienerbrød, pizzabolle og gjerne litt fløyterull nylaga rett frå fabrikk. Me er utruleg takknemlege for dette.

Etter kvart som me kan opna opp på vanleg vis, kjem me til å ha stand up, musikk og underhaldning ein gong i månaden. Me gler oss til dette, og at me gradvis ser at fleire tek turen innom oss.

Fram til sommaren er det Monica C Herredsveld og June Ueland som har hovudansvaret denne kvelden.

Ungdomsklubben som er tysdagar klamrar seg fast, med påmelding og venteliste kvar veke. Me kjenner veldig på at ikkje fleire kan få kome inn, og vil prøva å få til nokre aktivitetar ute om veret er godt, sidan me no er så utruleg heldige å ha fått inn Linda Ueland som ein av dei som er fast på jobb, i tillegg til June Ueland som skal vera med oss fram til sommaren. Noko av den ekstra støtta me har fått er for å styrke ungdom og den psykiske helsa no etter lange tider med Covid 19 og stengde fritidstilbod.

Me må berre få skryta av ungdommane som følgjer reglane me har no, slik at det kan vera trygt å halda fram med klubb. Dei melder seg på, men gir og beskjed om dei ikkje kan kome, skriv seg inn, spriter hendene (om og om igjen utan å klage), dei tek vare på kvarandre og har eit så godt humør at det er ein fryd å få lov å ha lag med dei.

Monica Cecilie



Supergildt og spanande med nytt tilbod i Lensmannsløa. Kom gjerne innom og kjøp deg noko godt å ete.



Ogna Sanitetsforening heier på ungdom og har i samarbeid med oss søkt og fått 90 000kr til bruk på ungdomsklubbane i Hå.



Frifond delte ut ekstra pengar i jula, og saman med støtte frå Folkehelsemidler i Hå kommune, fekk me hatt fleire arrangement i desember. Her kinobesøk for 70 ungdom mellom jul og nyttår.



Når ungdom ikkje får koma på klubb, kjem klubben til ungdommane. Fantastiske lærlingar brukte heile føremiddagen på å baka hundrevis av pizzabollar, og desse blei delt ut ein tysdag på Varhaug u skule då klubben var stengd. Eit godt samarbeid med skulen og tolmodige lærarar som seier ja til slike stunt er til å bli varm i hjarta av <3



Usikker om dette er ein hit på andre ungdomsklubbar i Noreg

Lykke er når elevar med faget «innsats for andre» på klubb, tok utvask på kjøkken i løa. Fuger, krinklar og kroker er no som nye.





FOTO I KORONAENS TID

Av Marianne Kristiansen, Varhaug fotoklubb

Som så mange andre lag og foreninger har Fotoklubben måttet avstå fra vanlig møteaktivitet en god stund på grunn av koronaen. Vi har savnet å være sosiale, men er heldige som har en hobby vi kan holde på med selv når en ikke kan være mange sammen. Når stress og usikkerhet om framtida melder seg, kjennes det befriende å kunne ta med seg kameraet ut på tur. Når en er der ute og konsentrerer seg om å se etter motiver og fange øyeblikket, tar det ofte ikke lang tid før livet kjennes mye bedre.


Når hobbyen kan praktiseres utendørs, er vi jo heller ikke helt avskåret fra å treffe hverandre. Med det flotte vinterværet som har vært i det siste, bestemte vi oss for å dra på kveldstur til Refsnesstranda for å fotografere i solnedgangen og blåtimen. Veldig trivelig selv om ikke alle hadde mulighet til å være med denne gangen. Vi krysser fingrene for flere fine dager og nye muligheter for utendørstreff utover våren.



Kathrin Schmidt



Marianne Kristiansen



Kathrin Schmidt



SENTRUM FØR OG NÅ

I Varhaugbuen for 14 år sidan, blad nr 1/07, hadde Sverre Varhaug ein gild artikkel om sentrum før i tida. Det var då det var 7 hus på vestsida av jernbanen. Det er fleire som har etterlyst dette, og planen var å ta med noko av det på nytt. Men det er eit ganske langt stykke, og det vart ikkje plass denne gongen, så eg får heller prøva i neste nummer. Men finn eg dette nummeret heima, skal «etterlysaren» få det. Elles vil eg nemna at alle nummera av Varhaugbuen frå 2005 er å finna på nettet.

Men i sentrum nå, skjer det ein god del. Gravemaskinen er i gang hos Skrettingen for å få til noko nytt - ein liten kafe - og i det gamle handelslaget for å få noko vekk.

Skal verta gildt å fylgja med desse prosessane i tida som kjem. Det er ikkje så mykje eg eit om planane her, men vaskehallen er i alle fall borte, og Stasjoen Pizza er flytta nord-aust i bygget med inngang i Stasjonsvegen. Alltid gildt når det skjer noko nytt i sentrum, kanskje får følet og sauken koma tilbake her nå??

I fjor vart det ikkje vanleg 17. mai feiring, heller ikkje hadde me Varhaugmarken eller Jærmessa. Koss vert de med dette i år? Nå er me snart i mars, og det ser ikkje godt ut. Skal desse gilde dagane berre «forsvinna» i koronaen nok eit år?

Liv



KURSKVELD I SVALA 4H

17. desember var det kurs-kveld med Svala 4H på Varhaug ungdomskule. Aspiranter hadde kurs fra 17.00 – 18.30 og junior og senior fra 19.00 – 20.30.

Kursene medlemmene kunne velge mellom var: pepperkake pynting, tre stjerne, kubbenisse, volleyball, dørkrans og kalligrafi. *Marita Aanestad*

TID FOR KALKING OG GJØDSLING!

HELGJØDSEL
SEKK 15 LITER
kr 219,-

2 STK
319,-
2 x 15 liter

FK HAGEKALK
GRANULERT
25 KG
98,-

GRANULERT KALK
25 KG
Lett å strø
Sikker å bruke
Ingen lukt
Bedre jordstruktur
SILKE + ALUMINUM + MINORER HJELP



**FK HAGE-
GJØDSEL**
25 KG

399,-



FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikkken
fkra.no/fkbutikken

MYKJE NYTT PÅ PULSEN

Som vel dei fleste har fått med seg så har det skjedd noko i Stuelandbygget, der Lars Gaute Sport heldt til. I den austre enden opna det ein gjenbruksbutikk i november, og mot vest fekk Pulsen eit nytt stor rom til ulike aktivitetar. Sikkert gildt for dei å få eit nytt trimrom oppe i dagslyset. Ronny hadde lenge hatt lyst til å få til funksjonell trening for fleire grupper, men det var ikkje lett å få dette til i kjellaren. Då dei så fekk høve til å få halve butikken etter Lars Gaute i 2020, var det berre å slå til. Og her har dei nå fått til eit kjempegodt lokale med eit vell av trenings-utstyr både for ungar og vaksne.

Alt i alt disponerer nå Pulsen v/Ronny Gudmestad og kona heile 1.250 m² med treningsareal.

Det er nå 16 tilsette, kom 4 nye i desember, men det er berre ein tilsett i 100%, den nye personlege trenaren Preben Pedersen.

Frå dei overtok Pulsen i 2017 og fram til i dag, har pila berre peika oppover. Men Ronny seier dei har tatt «småe steg», og så har det vakse seg til etter kvart. Han har nå hatt arbeidet sitt i bedrifta si sidan 2018 Kona har arbeid utanom, men det er meininga at ho og etter kvart skal inn i bedrifta med ein 50% stilling.

På Pulsen kan ein gå og berre trena med seg sjølv, og her er ei mengd treningsutstyr både for ganske lett eller tyngre trening. Eller ein velja trening med instruktør. Då eg var innom på torsdag, møtte eg 12 vel vaksne damer som jobba med armer og føter med både balanse, styrke og spenst under god og kyndig veileining av Ronny. Og det såg ut som damene kosa seg, sjølv om det såg ganske stridt ut, det dei heldt op med. Dette er trening for «Godt vaksen - trening for dei over 60 år» (det heite før

seniortrening) Treningstida er tysdag og torsdag kl. 10.00-10.50. Her er det berre å møta opp. Meta analyse har funne ut at styrketrening er den viktigaste treningsform for eldre. Og styrketrening er og med på å bremsa det naturlege aldersbestemte tapet av muskelmasse og styrke. Dette er igjen positivt for skjelettet, og det kan redusera risikoen for beinskjørhet.

Noko av det beste dei har fått til med det nye lokalet, tykkjer eg er treninga for ungar. Her er det lagt opp slik at ungane kan koma rett etter skulen - i staden for mange, å gå heim til eit tomt hus om begge foreldra er på arbeid. På onsdag er det 5.-7. klasse og torsdag 2.- 4. klasse.

Det er ikkje alle ungar som er interessert i, eller oppteken med handball og fotball i fritida, og då er det godt at dei på Pulsen får kjenna og læra at det er gildt og viktig med trening på eit eller anna nivå. Instruktørane som tek seg av ungane, er alle sertifiserte, så dei sikrar at ungane får ei trygg trening etter skulen. Treninga er både leik og konkurranse, alt etter som.



Preben Pedersen - personleg trenar.


Preben vart tilsett hos Pulsen i januar. Han er 30 år, og bur på Nærbø saman med kone og barn. Oppveksten hadde han på Ålgård. Preben har ei solid og brei utdanning innan trening og kosthald, og har vorte ein kjærkomen og motiverande tilvekt blant instruktørane på Pulsen.

Varhaugbuen seier takk for drøset med Ronny, og ønskjer Pulsen lukke til med alle dei spanande aktivitetane som er i gang.

Liv

**HAALAND
BILVERKSTED**

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66



**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



SNØGLEDE I BARNEHAGEN

Då eg middagstid måndag 5. januar gjekk på Buevegen, hørde eg ein ekstra god lekelyd frå Tjemslandshagen barnehage. Det minna meg rett og slett på fuglekvitter om våren. Då eg gjekk heim igjen seinare på dagen, gjekk eg om friområdet ved barnehagen. Då oppdaga eg litt snø utanfor, og lurde på koss det kunne ha seg. Vel heime såg eg på PC'n, og der låg ei melding frå barnehagen: «Vi har laget snø i Tjemslandshagen barnehage nå iinterværet, og lurde på om det kunne vere interessant for dykk å skrive om «vinter på Varhaug» i neste nummer av Varhaugbuen? Ta kontakt om det kan vera av interesse».

Dagen etter var eg på plass i barnehagen, der eg møtte den nye styraren, Bjørg Oltedal. Ho hadde starta som sjef 1. november 2020. Men Bjørg er langt frå ny i denne barnehagen, der ho ar arbeidt som assistent sidan 2009. Ho er ekte Varhaugbu, og dotter til Njål og Ingrid Sofie Omland. Bjørg er gift med Aslak, og bur nå på Ogna saman med mannen og 2 gutar på 1 og 3 år.

Men det var snøen eg skulle sjå og snakka om, og nå fekk eg forklaring på det kvite eg hadde oppdaga dagen før, og som eg ikkje heilt forstod? Her var det altså foreldra på feltet som hadde gjort ein kjempejobb frå søndag til måndag med snøkanonen, som barnehagen sjølv eig. Foreldra hadde gått på skift om natta, for å halda kompressoren i gang. Og då ungane kom i barnehagen måndag morgon, var det berre å finna fram sledane. Og den nye snøen, som hadde kome med helga, var grunnen til den gladyden eg hadde høyrte.

Tjemslandshagen er ein tredelt barnehage med 21, 18 og 10 born, og har 12 tilsette, 4 på kvart trinn, og alderen på borna er frå 1 til 6 år.

Ja, dette skreiv eg første veka i januar. Nå er me i veke 6, og me har framleis vinter, nå med ekte snø. Heilt utruleg med alle dei flotte vinterdagane me fekk, til stor glede for både store og små. Kanskje var det snøen frå vasskanonen, som fekk «verguden» til å koma med ekte vinter og snø? *Liv*



JÆREN RC KLUBB

Klubben ble startet i 2017 og vi holder på med radiostyrte modellbiler. Vi holdt først til i Sentrumgården, men har nå nylig flyttet til kjelleren under Spar på Varhaug. Inngang rett til høyre for hovedinngang til Spar.

Vi har en Off-Road bane med spesialteppe fra Nederland som er designet for RC-biler og banen inneholder diverse hinder slik som flere forskjellige hopp og kjøring opp langs vegg. Bilene er i skala 1:10 (ca 40 cm lange) og drives av 2-cellers Lipo batteri på 7,4V og børsteløs motor. Fjernstyringa er som oftest rattradio på 2.4GHz. Bilene finnes både i 2WD- og 4WD utgaver og det konkurreres i begge klasser. Vekt på bilene er ca 1500-1700 gram.

Bilene er hovedsakelig laget av karbonfiber, aluminium og komposittmaterialer for lav vekt og høy styrke. Det er tilnærmet uendelig med justeringsmuligheter på bilene slik at du kan tilpasse bilen til forskjellige baner/underlag og din kjørestil. Camber, caster, kjørehøyde, spissing, roll senter, kick-up, anti squat, hardhet på fjærer, demperolje, hjulavstand, stabstag, utveksling, olje i differensial osv kan justeres. I tillegg så finnes det en del justeringsmuligheter på esc (fartsregulator) mtp akselerasjon, toppfart, brems osv.

Vi har for tiden en fast treningsdag i uka som er på tirsdager fra kl 18. Klubben har og noen utlånebiler som vi låner ut til de som vil prøve hva dette er før de går til innkjøp.

Klubben har medlemmer i alle aldersgrupper, både jenter og gutter, og flere av disse deltar i forskjellige nasjonale konkurranser. Noen av medlemmene deltar også i internasjonale konkurranser.

Klubbens formål:

Jæren RC-klubb sin største interesse er ved samarbeid og kameratskap for medlemmene, å fremme interessen og utvikling av RC-miljøet i distriktet. Klubbens formål er også å aktivere distriktets barn/ungdommer i et miljø for et godt samarbeid med voksne, og tilby et alternativ til tradisjonell idrett. All klubbaktivitet skal foregå i et rusfritt miljø, og klubben er åpen for alle som ønsker å bli medlem, uansett alder og kjønn.

Klubben har ett aktivt styre som prøver etter beste evne å ta vare på miljøet og legge til rette for trivsel. Vi ønsker å være inkluderende uansett evne og utfordringer.

Du kan finne oss på Facebook:
<https://www.facebook.com/jaerenrc>

Bilen var like hel etter møtet med veggen.
Tåler ufattelig mye.

Ben Stian Håland

STUDIOVALHALLA

Eg oppdaga for ei tid sidan at det ikkje var mykje eg visste om kva som var i sentrum av Varhaug. At her skulle vera eit musikk studio i stasjonen, vart mest som ei aha-oppleving for meg.

Ragnar Abrahamsen Nord-Varhaug og Leif Ove Haugstad spela i band saman frå 1993. I 1999 hadde dei starta bandet Escapeter, og då hadde dei og nokre songar dei gjerne ville ha spela inn. Og det vart starten på StudioValhalla, som dei starta saman. Ei tid etter trekte Leif Ove seg ut, og Ragnar vart aleine om studioet. Alt som er gjeve ut frå dette bandet er spela inn i eige studio. Silo & Saft sine første plater vart og spelte inn her, i tillegg til fleire andre lokale band på Varhaug området.

Jula 1998 fekk dei leiga eit gammalt hus på Ueland, ved sida av forsamlingshuset, og der heldt studioet seg til 2018, og dei fekk flytta inn i det gamle handelslaget, der sykkelverkstaden hadde vore.

Eg har nå mange gonger gått forbi her, sett på dei mørke vindaugo, og berre tenkt at dette var berre nok eit tomt rom i sentrum. Men så er det altså eit levande musikk studio innanfor.

Ragnar seier at han er ikkje akkurat den som stikk seg ut, og det har heller ikkje vore nødvendig med å reklamera så mykje lokalt. Dei som driv med musikk i nærmiljøet veit kvar eg er, og det same gjer dei mange kundane frå Sandnes/Stavanger/Egersund.

Liv



Det begynte å komme band fra hele Rogaland området som brukte studio til å spille inn demoer, ep og full-lengder plater. Det var mange band/artister og mye arbeid.

Når det gjelder opptaks utstyr, så begynte vi med en 16 spors spole-bånd og en gammel mikser. Dette byttet jeg fort ut med en Roland VS1680, 16 spor digital opptaker hvor det ble lagret på harddisk. Etter et par år så oppgraderte jeg til en Roland VS2480, mer spor, flere effekter og kraftigere. Den siste her kunne jeg kjøre sammen med en PC og kunne utvide antall spor og effekter.

I 2007, så oppgraderte jeg til et PC/mac system som heter Pro-tools og med en liten mikser som ga meg tilgang til profesjonelle funksjoner som redigering, effekter og mange spor. Jeg har holdt meg til Pro-Tools og har oppgradert lyd-kort flere ganger for å gi meg den kvaliteten på opptakene og funksjonene som trengs. Når det gjelder utstyr, så har jeg alltid holdt det åpent for oppgraderinger og aldri låst meg fullt til et stort dyrt system. Dvs at jeg alltid er på det relativt nyeste med tanke på program, pc, lydkort og oppgraderings muligheter.

Litt om tanken bak studio: Tanken har alltid vært at jeg kan gi små band mulighet til å komme og spille inn sanger «billig». Det filosofien har jeg prøvd å holde fram til i dag og håper det fortsetter. Tanken er også at bandet kommer med det utstyret de har selv eller har tilgang på. Jeg har aldri satset på å ha en stor samling gitarer, basser, trommer osv. til studio.

Det er veldig kostbart å spille inn en demo eller full-lengder CD i et kommersielt studio (spesielt før Spotify).

Da var kostnadene:

- Studio innspilling
- Mastering (siste finpuss på lyd)
- Noen til å lage trykket for CD omslaget/Cover art.
- Trykking av CD ++

Det ble veldig fort veldig dyrt. Da var studio mitt et alternativ.

Det krever jo at bandet har tilgang til gode instrumenter, strenger, tromme-skinns og ikke minst ferdigheter.

I det gamle studio på Ueland så var det et gammelt hus med svært lav takhøyde og små rom. Dette gjør at lyden ofte blir innelukket og krever veldig mye arbeid for å få den presentabel. Det var heller ikke mulig å skille innspillings-rommet og kontroll-rommet godt nok slik at ting ble ofte litt vanskelig. I tillegg var det ikke vann eller toalett tilgjengelig, MEN vi klarte oss. Det var noe også med atmosfæren i det studio som gjordet det populært.

I det nye studio så er rommene store og det høyt under taket, noe som gjør at instrumentene låter bedre. Innspillings-rommet og kontroll-rommet er godt skjermet fra hverandre, noe som gjør livet MYE enklere.

Studio er stort sett en helge-aktivitet og en hobby for meg. Det skal det alltid være. Flere av bandene jeg har og har hatt i studio har gjort det ganske stort, spesielt i utlandet.

Det er band som ikke havnet på P3 og «10 på topp», men mer undergrunn.

Sjangere som kommer innom er: Rock, Hardrock, Metal, Trash, Speed, Death-metal, Black-Metal, Doom, Stoner rock osv. (Death/Black-metal betyr ikke at disse er satanister og brenner kirker. Musikken er en sjanger og definerer ikke personene og hva de gjør.). Jeg er ikke låst til den «hardere» delen av musikk sjangeren, men det er bare blitt sånn.

Ellers er arbeidet mitt å skape en god atmosfære for kreativitet og få artisten til å yte sitt beste. Da blir opplevelsen og produktet best.

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløp

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Nestleiar

Eli Aanestad, bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Ole Kristian Ødegård,
bygdeungdomslaget
Asle Haukland
bedriftsforeningen

1. varamedlem

Astrid Skreting, Lennsmannsløp

2. varamedlem

Ingvar Reiestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Redaktør

Liv Hopperstad





PANTE- MASKINEN PÅ SPAR

Denne supereffektive pantemaskinen som SPAR monterte i gangen for vel eit år sidan, har nå sprengt alle rekordar. I 2019 vart det panta 487.000 flasker og boksar i butikken, men med dette «nye hålet» kom talet opp 1.88 millionar i 2020. Men så er det ganske enkelt og lettvinnt då. I staden for å setja inn ei og ei flaske i automaten, kan du nå tøma oppi ein heil sekk. Fort, lettvinnt og ikkje minst effektivt, her vert det ikkje myke «daudtid».

Liv



TRIMMEN MED SISSEL

Heldigvis så fekk me gå på trimmen til bygdekvinnelaget igjen tysdag 9. februar, og det var etterlengta. Ikkje vanleg med så lang ferie. Sidan skulen nå «var flytta ut», var me tilbake på vanleg plass kl. 10.00. Her var det korona sikkert med sprit ved inn- og utgang. Skilleveggen nede, der me kunne vera 10 på kva side, og som biletet syner hadde me god avstand til kvarandre.

I det redaksjonelle skriv eg at trimmen var slutt etter ein gong, men det varde berre ei veke, så nå er me tilbake til normalen med trim kvar tysdag.

Liv

TUNET BRUKARSTYRT SENTER

Nå har senteret begynt med noko nytt; Catering. Her kan ein bestilla både kaker, brød, smørbrød, smårettar, dessert, ja til og med fruktfat. Som tidlegare kan ein framleis kjøpa middag der, som ein må bestilla dagen før, eller seinast kl. 09.00 same dag. Du kan ta maten med deg heim, eller eta den på senteret, saman med andre. Eg var innom til kaffi ein dag, og me heldt god smitte-avstand.

På grunn av koronaen vart «Ope hus» - som var planlagt i november avlyst. Vert tilhøva meir normale igjen, har Tunet planar om ein loppemarknad til våren, så me får berre venta og sjå koss det vert, både med det eine og de andre.

Liv

SKITREKK PÅ SKRETETING

Solå skine,igjen øve Jæren, Varhaug og akebakken på Skretting.

For enn glede å kunna stå opp,dag itte dag i strålande sol. Å for en glede ,at Tobias Skretting igjen lar bygdå benytta seg av den vide,bratte bakken. For dei som synes det blir tungt og gåopp bakken,er det laga skitrekk,som blir drevet av ein traktor og forhauster.Skuleklassa,barnehager å folk rundt i bygdene he storkost seg,frå måronn te kveld. Enn ogen er satt opp,som en kan fyre og varme seg på. I ein litt ellers unormale kvardag,er dette et flott avbrekk og tilbud. Tusen takk,åsså glede me okke te vårs.

Lenita Salte



LITT NYTT FRÅ LERBREKK

I skrivande stund er me framleis i unntakstilstand, snart eit år etter at landet og verda stengde ned. Skulen står og ventar på at ulike samkomer skal koma i gang, og alle Lerbrekk-vener ventar på det same. Kor lenge me skal venta veit me ikkje. Før jul trudde me kanskje at me kunne ha årsmøte i vår sidan me ikkje hadde det i fjor. Styret er framleis i tenkjeboks korleis me skal gjera. Slik som situasjonen er, så endrar tiltak seg nesten frå dag til dag. Derfor er det ikkje lett med planlegge noko.

Einaste arrangementet me hadde i desember var at me pynta juletreet og hadde besøk frå Klokkarhagen. Ingunn, Brit, Astrid og Sigbjørn stod for kaffikos og program. Det var og utleige til eit julebord og eit lite familieselskap.

Styret har fått melding om testamentarisk gåve frå Ingrid Ueland Hansen sitt dødsbu. Derfor planlegg me lydanlegg og prosjektor i den nøra skulestova. Odd Terje Breimoen frå Kvinesdal har lova å ta på seg oppgåva. Breimoen arbeider turnus i Nordsjøen som elektrikar. I tillegg driv han eige firma, spesialisert på lyd og teknikk. Me føler dette er i gode hender.

Så, kjære Lerbrekk-vener – me i styret saknar samlingane like mykje som deg. Me får sende kvarandre gode tankar og vone på betre tider når «klaken» slepper taket.

«Sola står opp hver dag, og hver natt skinner stjernene. Hvis dagen i dag har brakt en skuffelse, så husk at livet går videre. Morgendagen gir en ny begynnelse.» (Maria Fontaine)

Brit Obrestad



VÅR?

Det går mot vår sjølv om det går seint. Veret er att og fram. Trudde snart det glatta kunne forsvunne ...

«Husk at for hver time der går,
er der én mindre igjen.»

Johan Bojer

**HERREDSVELA
TRANSPORT**



TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



Friske folk gjekk med VBU til Steinkjerringa i 1992.

Øverst Kristin Ueland.

Frå venstre øvst: Anita Klausen, Mari Varhaug, Siv Skretting, Odd Arild Varhaug, Roy Arnfinn Håland.

Nederst Anne Sofie Mæland og Norolf Husveg.



TILBAKEBLIKK PÅ BU I DEI GAMLE TIDER

Som dei fleste har fått med seg, har det ikkje vore så mykje fest og sprell i desse vanskelege tider. Me i BU ventar tolmodig på at ting skal opne opp, og me kan dra med oss bygde-ungdommane på landsstevner, tevlingar og andre arrangement atter ei gong. Me i styret fann ut at når ein ikkje kan sjå tilbake på nyskapte minner, får me heller grave fram dei eldste, og det er det me har gjort. Me har lett igjennom internat-loftet og funne nokre gullkorn frå tidleg 90-talet.

Helle Skretting



Uteteving i 1994.



Styret på Haustkurs i 1993. Øverst frå venstre: Halvor Berge, Roy Arnfinn Håland, Kjetil Ejjestad, Sveinung Skretting, Kristen Jomås frå RBU Sirdal.

Nederst frå venstre: Hanne Elise Undheim, Elisabet Håland. Åslaug Aarsland, Norolf Husveg.



INTERNATET VARHAUG SA

FRÅ ARBEIDARBUSTAD TIL EIN INSTITUS

Som nå snart er historie.

Mykje har skjedd etter mai 1995. Det var då Varhaug bondelag, bondekvinnelag (som det heitte då), bygdeungdomslag og Svala 4H overtok Internatet frå AL Rogalandsmeieriet for kr. 0. Laga betalte berre for tinglysinga. Verdet på eigedomen vart sett til kr. 325.000.

Men me må gå mykje lengre tilbake i tid for å finna ut starten på Internatet. På teikningar, laga av Olav Line, Bryne 25.mars 1952, er bygget kalla «Arbeidarbustad».

I kjellaren var det mot sør «Matsal» (der 4H held til). Så var det rullerom (lageret til 4H) og så vaskerom. Mot aust var det kjøkken, matbu og WC. Mot vest var det nok ei matbu + vedbuer.

I første etasje – der dyrlegane er, var det kjøkken, 2 stover, soverom, entre og bad. Mot vest var det ei stor stove, gang, ein hybel og toalett. I andre etasje var det 6 hyblar, ein lang gang, te-kjøkken og toalett. I loftetasjen var det 2 hyblar.

Sigmund Birkeland fortel at det var vanleg før i tida at meieria hadde eige hus for arbeidarane, der dei ikkje berre budde, men og fekk mat.

Koss vart desse 4 laga eigar av Internatet? - her er historia: På nittitalet var eg studieleiar i bondekvinnelaget. Då kom det opp eit ynskje om å ha vevkurs. Det var noko laget hadde hatt før mi tid på Varhaug, og laget var og eigar av fleire vevstolar. Det var ikkje enkelt å finna lokale som skulle gå over fleire veke i kommunale bygg. Eg hadde vore i kontakt med kulturkontoret, og saman med dei var me og såg på



loftet i Lensmannshuset. Me hadde og med folk frå teknisk etat, og dei fann fort ut at dette ville kosta alt for mykje å setja i stand til slikt bruk. Her måtte det elektriske oppdaterast både med varme og lys, og ikkje minst det brenn tekniske. Så der vart ikkje ein stad for vevkurs.

Sidan meieribygget nå stod tomt, tenkte eg at garderobane i 2. etasje kanskje kunne brukast til dette kurset. Eg kontakta Åge Hauge og me såg på garderobane, men så seier Åge: «Snakk med Birkeland, for husdyrkontrollen har flytta til Nærbø, så der er ledige kontor». Vel, eg fekk tak i Birkeland, me såg på roma, og det var då han sa: «Kvifor spør de kje berre meieriet om å få overta dette bygget?».

Då kontakta eg Olav Husveg, som var leiar i bondelaget, og han tok seg av den vidare dialogen med Rogalandsmeieriet, som enda opp med at me fekk Internatet. Begge meinte me at det var naturleg at 4H og BU og var med i dette huset. Det var og i 1995 at desse 4 laga vart saman om å laga Varhaugbuen. Denne hadde Bu starta i 1975, ei tid etter hadde og 4H med.

ETASJON I BYGDA

Så vart dei 4 laga -på utruleg kort tid - eigarar av eit stort aktivitetshus -Internatet. Dyrlegane

hadde ei tid hatt kontora sine her, og i 2. etasje var det ein leigebuar, så det var i alle fall litt inntekter heilt frå starten.

Må mest nemna eit punkt i skøytet: «Fra selgers side forutsettes det at eiendommen vert nytta som aktivitetshus for kjøperne. Dersom eignedommen ikkje vert nytta til dette formålet dei neste 5 åra, skal eignedomen skøytast tilbake til Rogalandsmeieriet» (Litt festlig med blandinga av språk her).

Og aktivitetshus vart det, og har vore det sidan for desse 4 laga. Opp gjennom åra har det vorte gjort eit omfattande arbeid, mellom annan med å gjera hyblane om til brukbare møterom. Det er ikkje få dugnadstimar medlemmane, nok mest frå bondelaget, som og er den største eigaren har gjort. I alle år har styret vore flinke til søkja kommunen og andre om

tilskot til arbeidet. Ein har bygt stein på stein, og nå hadde laga eit godt rusta aktivitetshus både inne og ute for mange år.

Men nå er snart dette historie, og laga må finna seg ein annan stad for aktivitetane sine. Dette er veldig trist og leitt for alle, for me trudde nok at Internatet Varhaug SA - som er det offisielle namnet, var noko laga alltid skulle ha. Så det var ganske tungt for styret, då me fekk veta at Fjordkjøkken hadde bruk for meir plass, og ville løysa inn dei 4 eignedomane mot vest, deriblant Internatet. Ekstra tungt var det sidan ein nett var ferdige med så mykje restaureringsarbeid på bygget. Ute hadde heile huset fått nye vindaugo og kledning. Toalettet hadde «vorte heilt nytt». 4H romet i kjellaren hadde og vorte nytt og møteromet i 1. etasje likeeins. Her hadde og bygdekvinnelaget fått ein etterlengta kjøkken.

Men det nytta ikkje for styret å henga med hovudet. Det var nok heller ingen som såg for seg den fantastiske utviklina det har vore for Fjordkjøkken desse åra. I 1997 laga dei 5-6 rettar, og i dag i overkant av 60. 4 av dei produkta som var med frå starten er og framleis med. Fjordkjøkken har over 180 tilsette, noko som utgjør 122 årsverk.

Men så er det mange som spør; kvifor må dei bygga vestover, når dei har ei stor tomt mot sør? Svaret er i grunnen ganske enkelt, ved å bygga på mot vest kan produksjonen i bedrifta gå som før under byggeperioden. Her er det logistikk og høgdeskilnad som gjeld, og det er kanskje ikkje så lett å forstå. Innløysinga av Internatet og dei andre vil jo kosta ein del, men når eigarane av Fjordkjøken har funne ut at dette er den beste løysinga, må ein berre godta det.

Styret fann ei erstatning for Internatet; 1. etasje i Rune Odland sitt bygg i stasjonen. Minuset her var mangel på uteareal, slik laga var vane med. Men på eit ekstraordinært årsmøte for Internatet Varhaug SA 22. februar 2021 vart det vedteke å kjøpa denne etasjen. Dyrlegane vert med på flyttelasset. Ein annan leigetakar er røyrleggar Volden Tollefsen.

Sjølvsagt vert det tungt å mista Internatet, men alt til si tid. Nå må berre laga sjå framover og finna seg til rette i eit nytt aktivitetshus.

Liv

A wide-angle photograph of a frozen lake in a forest. In the foreground, several people are ice skating. A child in a blue and black jacket is skating towards the left. To their right, a person in a red jacket and another in a dark jacket are skating. Further back, more people are visible, some standing and some skating. The background is a dense forest of tall evergreen trees. The sky is overcast and grey. The overall scene is a peaceful winter day in a natural setting.

EIN VINTER AV DEI BESTE PÅ

Grødelandskogen er ein ynda stad for mange til å gå tur i året rundt, og det er alltid god parkeringsplass. Men slik denne vinteren vart, var det helst kaos med alle bilane. Og grunnen til dette var sjølvsagt isen. Sjeldan har vel små og store i så lang tid kunna kosa seg på Grøden, slik som nå. Fantastisk å ha ein slik trygg plass i nærmiljøet.

Veldig gildt med dei nye flotte skilta som er kome opp.

Liv



GRØDEN





Bak f.v.: Jenny, Eva, Liv, Kjellaug, Aud, Helga, Liv. Framme f.v.: Constanse, Molla, Else, Astrid.

BYGDEKVINNELAGET 85 ÅR

Som nemnt i sist nummer av bladet vart laget stifta i 1935. Dette vart ikkje feira med nokon stor jubileumsfest. I staden inviterte styret tidlegare leiarar i laget, til ei enkel markering i Lensamannsløå i desember. Her møtte Malena (Molla) Bratland, Else Ueland, Kjellaug Kvía, Liv Hobberstad, Astrid Hobberstad, Jenny Hadland, Eva Aniksdal, Helga Ueland, Aud Håland, Constanse Håland og Liv Reiestad. Oddbjørg Skrettingland hadde ikkje høve til å koma. Det vart ein gild ettermiddag med smørbrød og marsipankake, og med song og musikk av pensjonistane til Turid Skretting. Det vart og litt mimring og historier frå gamle dagar. Ekstra gildt var det med helsinga frå Jenny Hadland, der ho fortalte om tida som ny i bygda, som leiar i laget, og seinare i fylket, og kva lærdomen frå den tida hadde betydd for arbeidslivet hennes seinare.

Takk til styret som laga til denne markeringa og samlinga for oss. Eg er akkurat som Jenny, takksam

for tida mi i bygdekvinnelaget. Ikkje heilt enkelt å koma ny til ei bygd og i eit lag der alle kjenner alle, og tradisjonen helst var å gjera ting slik dei alltid hadde gjort. Men ting gjekk seg til, og møta til bygdekvinnelaget har alltid hatt 1. prioritet hos meg. Einaste grunnen til å «skofta» det, var om det var kolliderte med arrangement eller møte der ungane var involverte.

Liv



VARHAUG BYGDE- KVINNELAG



Møtene denne våren er avlyst på grunn av koronasituasjonen.

Men, dersom smittereglane tillet det, vil vi prøva å få til ei samling torsdag 25. mars.

Vi ser for oss at det vert ei samling ute.

Om vi får det til, kjem det oppslag både på Facebook, på Extra og Spar.

Ellers strikker vi til premature-avdelinga på SUS. Vi strikker ulltepper, luer og sokker.

Dersom nokon ynskjer å bidra, kan de ta kontakt med Bjørg Reime Håland tlf 412 31 732.

Ho har oppskrifter de kan få.

Planen er å samla inn det vi har strikka på eit medlemsmøte til hausten.

Det kjem oppslag om etter kvart.


Mvh
Astrid Skretting

TRAFIKKVAKTENE:

Torsdag var ein sur dag, - snøen var borte, det var regn og kraftig vind, men dei trufaste trafikkvaktene var på plass 3 stader. I dag var det Kolbjørn Vik, Solveig og Tobias Aanestad og Eivind Varhaug som passa på at ungane kom seg trygt over vegen i Buevegen ved brua og i krysset med Skulegata og Dublandsvegen v/ Halvorsen. Dei er og på plass tysdag. Og dette er verkeleg ein viktig jobb dei gjer, for trafikken er stor på denne tida. Dei har hatt med seg teljar, og det er registrert 90 bilar v/Halvoren og 250 ved krysset Buevegen/Skulegata. Ein dag var det til og med 299 her.

Aslaug og Asjørn Dyngeland, som og var med i fjor, er måndag, onsdag og fredag på plass ved Halvorsen. Eivind Varhaug er her tysdag og torsdag, dei same dagane står og Rune Odland på brua, og han fortel ei søt lita historie; Ein dag kom ein liten gut, som bur i nærleiken, gåande forsiktig med begge hendene rundt noko. Det viste seg å vera varm kaffi til Rune. Liv

IKKJE BERRE SISTE ÅRET AT FRAMSIDA ER ENDRA





Kevin Danielsen og Ane Øgreid Skretting.



HUBBEN

Så har Varhaugbuen igjen vore tilbake i gamle Stue-land Trevarrefabrikken, der HUBBEN nå held til. Og her får me verkeleg sanna orda: «Å læra ved å gjera».

Då eg var innom til sist blad, heldt elevane på med planlegging av ei elevbedrift. Nå var dei godt i gang med forskjellige arbeid, mellom anna blomsterkasser til skulen, ein liten krakk og ein kasse til tomgods; boksar og flasker. Kassen som alt var ferdig, hadde Iden bestilt. Elevane såg nå ut til å finna seg godt til rette med både metermål og tvinger i tillegg til større maskiner til saging/kapping.

Elevane fekk god og kyndig hjelp av Arvid Vigrestad, som har arbeidd litt her når det har passa med jobben elles. I 40 år har Arvid vore tilsett som miljøarbeidar på Åna. Men når han vert pensjonist i slutten av året, skal han vera her for fullt. Og med den lange arbeids erfaringa Arvid har, vil han nok vera ein stor ressurs på HUBBEN.

Liv.



MIMRING

Me lever i ei merkelege tid. Ingen ting å gå på, og skal me ut og gå er det å passa seg for glatte vegar. Sykling er heilt håplaut. Det har resultert i at eg vandrar rundt på kjelvene for å få den daglege turen. Opp og ned langs ånå (Tvihaugsåa) høyre eg på sutlinga. Av og til dukkar fossekallen opp i ånå. Den står der på ein stein og vippar (neier) og speidar etter fisk. Det er ein del bitte små som må vera heilt perfekte for fossekallen. Han plumpar plutseleg uti og dukkar under, for så å kome opp att ein annan stad.

Ein del tankar og mimring flaksar i hovudet, attende til barndommen på 1950-talet. Vatn har alltid hatt tiltrekkingskraft på ungar. Me leika i ånå, og me bada i ånå. Badehølen, som låg til vår eigedom, var ein ynda plass for oss ungane i grannelaget. Når sesongen starta var det for gutungane å demma skikkeleg opp. Dei spadde torver og tetta rundt steinane. Så var det klart. Her lærte eg å symja. Det var dagens høgdepunkt når eg fekk lov å gå i ånå og bada. Minst ein gong til dagen, og nokre gonger to gonger. Stupestein var der og, ja, den ligg der framleis. Men eg torde ikkje stupa. Var nok litt forsiktig og pysete av meg. Å ha hovudet under vatn har aldri vore mi greia.

Me hadde ikkje bad i huset, så hølen vart bruka som bad om sommaren. Shampo, såpe og vaskeklut var med. Godt å få av fjøslukta for dei som stelte i fjøset. Det var ikkje berre me ungane som bada. Dei vaksne bada og.

Me song: «Eple og pærer de vokser på tre.

Og når de blir modne så faller de ned.»

Dermed var det klart for å dukka.

På Hobberstad hadde dei Enok-hølen, og på Ånestad hadde dei Hansa-hølen.

Etter kvart som det vart meir vanleg med siloar rundt på gardane, så gjekk silosafta diverre i ånå, så den vart ikkje så rein lenger. Dermed stoppa det etter kvart opp med bading, og me ungar vart jo vaksne og meir mobile etter kvart. Så då vart det meir spennande å reisa til sjøen.

Nå er ånå rein igjen. Men det er ikkje så ofte eg høyre at ungar badar. Eg spurde Magnhild her om



dagen, og ho sa dei hadde vore og bada med ungane i fjor sommar. Nå for tida flaksar foreldre og ungar rundt på så mange ting. I min barndom var det det som var rundt oss me var opptekne av. Me leika med kvarandre i grannelaget, og me var mykje ute. Fjernsyn og nett fanst ikkje på 1950-talet. For dagens ungar er det nok vanskeleg å skjønna. Så kanskje har besteforeldre ei oppgåve med å fortelja frå barndommen slik at ungane kan skjønne litt meir korleis livet har vore både med utedo og bading i stamp i eldhuset.

Me fiska småaure i ånå, med lang bambusstong med sen på, og krok som me tredde makk på. Eg trur helst at det me fekk vart kattemat. Ei som gjekk i same klasse som meg på skulen var så tøff at ho fanga sugeål med hendene.

Om vinteren fraus ånå til med is, og me kunne renna med spark langt nedover. Eller i rennedrevet der den vart heilt full av snø. Eg minnest at det vart grave ut snøhole under brua.

Elles minnest eg at me hadde saft og mat med og gjekk på tur til Holmen som låg nede ved jernbanelinja. Holmen er vekke nå. Og turane går nok heller med bil til andre stader. Enn så lenge, å vandre i nærmiljøet kan faktisk gje opplevingar det og. I alle fall vinterstid når kjelvene er frosne og dyra er inne. Nå kan me studera fuglane. Eg ser og mykje spor etter rådyr. Innimellom dukkar dei opp. Noko meir elegant enn rådyr når dei jumpar over steingardane skal du sjå langt etter. Snart vaknar naturen til liv, og blommar kjem fram att. Det kan førekome kvitveis i å-kanten.

Brit Obrestad

OM STEINGARDEN PÅ LENSMANNSGARDEN

I haust tok Erik T Skretting på seg å reperera garden på Lensmannsgarden og vi har snakka med han i den anledning.

Kven som sette opp garden og når tid det skjedde, var han ikkje sikker på. Men det skulle vera ein fin gard sidan det var lensmannen som heldt til på garden. Det var i alle fall nokon som kunne sitt fag, som har lødd garden. Det som er spesielt med garden, er at den er dobbel med «hente-stein» mellom, fuga fint på begge sider og med heller på toppen.

Grunnen til at steinar begynte å lausna, trudde Erik var vær og vind og at trea rundt med store røtter var med og ga bevegelser i underlaget. Frost er og med gir bevegelse i grunnen og for at ein gard skal vera stabil er det svært viktig at fundamentet er skikkeleig. Ein tørrmura gard, dvs ein gard utan fuger, kan «vara evig».

Utfordringa i arbeidet var å få garden til å vera identisk med det gamle, ikkje syna at det var gjort

utbetringar i seinare tid. Det var omstendeleg arbeid i det at han måtte plukka ut utglidde steinar og ta dei ut på innsida av garden. Undervegs i arbeidet måtte han og utbetra trapp til huset med nokre nye heller og festa trinn som var lause.



Vi må og nemna at Erik tidlegare har lødd opp igjen opp-kjøringa på løa og lødd opp nye gard ved porten i gardsrommet og målet var at den skulle vera lik dei gamle. Erik sa og at han følte det som ei æra å få utføra dette arbeidet.



ÅRSMØTE

**VARHAUG
IDRETTSLAG**

ÅRSMØTE MANDAG 15. MARS KL. 19.30
JÆREN SPAREBANK ARENA

Eventuelle saker må meldes til hovedstyret ved Morten Jelsa - morten.jelsa@denstoltebane.no



ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104



4360 VARHAUG



14. mars var det valentinsdag, morsdag og fastelaven på ein gong. Dette er så skjelden, at neste gong vert det i vist 2083.

LEFSE- OG FLATBRØDKURS

Hei Ungdom under 40 år, vil du lære å bake lefse-og / eller flatbrød???

Varhaug Bygdekvinne har lefsekurs tirsdag 16. mars, flatbrød tirsdag 23. mars, begge kvelder på Ungdomsskolen kl. 18.

Kursa er ein del av prosjektet «Bygdekvinne deler matglede» sponset av Gjensidigestiftelsen.

Påmelding innan 10. mars til
Björg Reime Håland, telf. 412 31 732.

P.S. max 5 stk. pr. kveld p.g.av korona.

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

12. mai 2021

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Årsmøte i Varhaugbuen

Vert 26. april 2021 kl. 19.00

Vanlege årsmøtesaker



En alliansebank i eika.



Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.



Du kan'kje drikke kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.



Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.



Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.



Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Hvorfor velge
Jærens eneste
lokalbank?

Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no

jæren
sparebank

Ved kjøp av vask for VIL sine medlemmer får de
20% RABATT
i tillegg til stempelkort med hvert 6. vask gratis
(gjelder alle kunder)

**KOM OG PRØV
VÅR NYE OG TOPP
MODERNE
VASKE-
AUTOMAT**



**Varhaug
Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED